

## PROSJEKTEIAR/FYLKESRÅDMANN VESTLAND FYLKESKOMMUNE – INNSTILLING FRÅ VISINDI

### 1. Bakgrunn for oppdraget.

Hordaland og Sogn og Fjordane har i intensjonsavtalen inngått 17.1.2017 skissert eit tidsløp med ein prosjektfase fram mot etablering av den nye regionen frå 1.1.2020 som erstattar Hordaland Fylkeskommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Det vart etablert eit tilsetjingsutval for å velje ut kva selskap som skal bistå Fellesnemnda med å rekruttere prosjektleiar for det nye fylket. Fylkeskommunane gjorde avtale om bistand innan rekrutteringstenester for tilsettjing av prosjektleiar til gjennomføring av samanslåinga av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune tidleg i februar 2018. Prosjektleiar vil bli fylkesrådmann i den nye fylkeskommunen frå 1.1.2020.

Fylkeskommunane etterspurde tilbod som omfatta heile rekrutteringsprosessen, frå bistand i utforming av stillingskrav, til vurdering og presentasjon av kandidatar som anbefalast innstilt.

Visindi fekk oppdraget i februar, og har gjennomført prosessen i tråd med avtalt prosess og tidsplan med mål om tilsettjing tidleg i mai 2018.

### 2. Skildring av stilling

#### ANSVAR OG HOVUDOPPGÅVER

- Administrativt sikre fusjonsprosessen mellom dei to fylka med over 5000 tilsette i tråd med føringane i intensjonsavtalen.
- Bistå/assistere Fellesnemnda med saksutgreiing og tilrådingar i prosjektfasen, og tiltre som fylkesrådmann frå 1.1.2020.
- Prosjektstyring – etablere prosjektporlefølje og organisering av prosjekta som skal iverksettast
- Etablere ny organisasjon med nye leiargrupper på alle nivå
- Endringsleiing og omstilling
- Toppleiing
- Kommunikasjon og omdømebygging
- Kulturbygging
- Organisasjonsutvikling

#### ERFARING OG UTDANNING

- Tung leiarerfaring
- Erfaring frå endringsleiing
- Relevant høgare utdanning
- Svært god rolleforståing for samspelet melom politikk og administrasjon
- God innsikt i offentleg og kommunal verksemd og styringssystem

### **3. Utlysningstekst**

*"Fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland slår seg saman frå 1.1.2020. Det nye fylket vil få eit samla innbyggjartal på om lag 630 000. Fylkeskommunen vil med meir enn 5000 arbeidstakarar verte ein av dei største kompetansearbeidsplassane på Vestlandet. Intensjonsavtalen som er inngått mellom dei to fylkeskommunane legg sentrale føringar for organisering og lokalisering."*

## **Prosjektleiar / fylkesrådmann**

Den viktigaste leiarstillinga for utviklinga av Vestlandet

Til å leie etableringa av den nye fylkeskommunen og seinare gå inn i rolla som fylkesrådmann frå januar 2020, sokjer vi ein trygg, tydeleg og samlande pådrivar. Du skal legge til rette for at vår region får ei tydelegare rolle i samfunnsutviklinga regionalt og nasjonalt.

Som prosjektleiar/rådmann skal du byggje ein ny organisasjon med felles kultur som leverer gode tenester innanfor stramme økonomiske rammer. Du skal syte for utvikling av fylkeskommunale tenester gjennom ein brukarorientert, nyskapande og kompetent organisasjon.

For å lukkast i rolla må du jobbe tett med politisk leiing, tilsette og tillitsvalde i dei to fylkeskommunane . Vi ser etter ein analytisk, erfaren og kunnskapsrik toppleiar som forstår fylkas eigenart. Du har brei erfaring frå strategisk endringsleiing og prosjektstyring der forankring og framdrift har vore suksessfaktorar.

Prosjektleieren vil rapportere til den politiske leiinga og ha arbeidsstad i Bergen.  
I stillinga vil du kunne gjere en betydeleg forskjell for Vestlandet."

### **4. Søkjarar**

Stillinga vart lyst ut med søknadsfrist 12.04.2018.

Det var ti søkerar til rolla då søknadsfristen gjekk ut torsdag 12.4. (Det var ingen søkerar med innvandrarbakgrunn og ingen med nedsett funksjonsevne).

Fire søkerar trakk sitt kandidatur før offentleggjering av søkerlista den 16.4. Av desse var tre menn og ei kvinne. Følgjande seks personar sto att:

Karen-Marie Eek-Larsen (57), Alversund, ass. fengselsleder  
Thorbjørn Johan Gaarder (63), Oslo, chief credit officer  
Anne Karin Hamre (52), Sogndal, fylkesmann  
Karl Petter Haugen (49), Strusshamn, underdirektør  
Rune Haugsdal (58), Eidsvågneset, fylkesrådmann  
Tarjei Torvik (24), Bergen, student/arbeidssøker

### **5. Prosess**

Ei rekke kandidatar møtte Visindi i innleiande intervju/sonderingsmøter

Fire kandidatar møtte deler av tilsetjingsutvalet den 13.4

To kandidatar gjekk vidare etter møtet den 13.4, Anne Karin Hamre og Rune Haugsdal.  
Kandidatane vart vurderte og vald ut på basis av match med kravprofil/stillingsanalyse/motivasjon.

Dei har gjennomgått fordjupa vurdering med OPQ-profiltest med Visindi. Den 23.4 var dei i finaleintervju med heile tilsetningsutvalet.

Prosessen for finalekandidatane har omfatta:

- Kandidatpresentasjon med Visindi og fem medlemmer frå Tilsetningsutvalet
- Fordjupa intervju med Visindi
- Personprofil (OPQ)
- Hypotesar
- Caseløysing med presentasjon for Tilsetningsutvalet og Visindi
- Nett- og kredittsjekk
- 4-5 referanseintervju per kandidat med interne og eksterne referansar

#### **6. Finalekandidatane. CV ligg ved.**

##### Anne Karin Hamre:

Anne Karin Hamre er 53 år gammal og busett i Sogndal. Ho har hovudfag i administrasjons- og organisasjonsvitenskap frå Universitetet i Bergen frå 1997. Ho har teke vidare kurs/vidare utdanning i mellom anna kriseberedskap, kommunikasjon og kvalitetsutvikling.

Hamre underviste eit år ved Høgskulen i Sogn og Fjordane før ho vart rådgivar i Fylkesmannens stab i 1998-2001. Frå 2001-2003 var ho Dagleg leiar for kurs og kompetanseutviklingstenester til arbeidslivet og høgskulelektor ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Frå 2004-2006 gjekk ho attende til Fylkesmannstaben som rådgivar før ho gjekk inn i rolla som Administrasjonssjef for BEST (Betre elektronisk samhandling og tenester) i 2006 hos Fylkesmannen. I åra 2008-2011 var ho assisterande fylkesmann fram til ho vart utnemnt til Fylkesmann i juni 2011.

Ho har i tillegg til å ha utøvd embetet med åtte statlege oppdragsgivarar, mellom anna leia regjeringsoppnemnde utval og har sidan 2015 vore styreleiar for Veterinærinstituttet. Sjå CV for meir utfyllande informasjon.

Hennar nøkkelkvalifikasjonar er leiing, organisasjons-, politikk- og forvaltningskunnskap, beredskap og krisehandtering, IKT-leiing, prosjekt- og utviklingsarbeid, formidling, samarbeid og kommunikasjon.

(...)

##### Rune Haugsdal

Rune Haugsdal er 58 år og er busett i Bergen. Han vart utdanna sivilingeniør i bygg frå NTNU frå 1985. Dei første fem åra i arbeidslivet hadde han ulike roller som kvalitetssikringsleiar, prosjektleiar og organisasjonssjef hos Arne Sande AS. Han gjekk inn i rolla som Distriktssjef, Divisjon Bygg i Rogaland i Selmer AS i 1991-1994, og jobba deretter i KVÆRNER CONCRETE CONSTRUCTION AS, med Trollprosjektet. I 1996-2006 leia han region vest I Skanska bolig før han i

2006-2009 leia bybanekontoret i Bergen kommune i ein avgjerande fase. Dei neste fire åra var han Kommunaldirektør, Byrådsavdeling for finans, konkurranse og eierskap. Frå 2013 har han vore Fylkesrådmann i Hordaland Fylkeskommune. Sjå CV for meir informasjon.

(...)

### **7. Vurdering av kandidatane opp mot kvarandre**

Det er to kunnskapsrike, strategiske, analytiske, fagleg sterke og erfarte toppleiarar som er blitt vurderte gjennom full prosess.

Vår vurdering etter gjennomført prosess er at begge kandidatane kan løyse rolla som prosjektleiar/rådmann i Vestland Fylkeskommune. Begge har god rolleforståing når det gjeld samhandlinga mellom politikk og administrasjon. Begge har erfaring frå komplekse endrings- og styringsprosessar. Dei kjenner kommunal sektor frå ulike ståstedar og har inngående innsikt i offentleg forvaltning og norsk samfunnsliv. Dei er robuste, motiverte og sterkt engasjerte i visjonar for etableringa av det nye fylket.

Dei har komplementære styrker og kunnskap frå kvar sin erfaringsbakgrunn. Hamre er tydeleg på kulturbygging og oppteken av nye moglege statlege oppgåver. Haugsdal har erfaring frå ein klart større organisasjon, og tyngre prosjektleiar- og prosjektstyringserfaring. Han har også tung økonomi- og risikostyringserfaring, og djupt innblikk i prosessane og kompleksiteten i samanslåingsprosessen. Han har lang erfaring og har lykkast svært godt med prosjekt- og porteføljestyring.

### **8. Innstilling til rolla som prosjektleiar/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune**

Visindi si vurdering er at begge kandidatane er kvalifiserte til rolla som prosjektleiar/fylkesrådmann i Vestland Fylkeskommune.

Visindi vektlegg i ei samla vurdering at Rune Haugsdal har større bredde i sin erfaringsbakgrunn frå ulike selskap og leiarroller i privat sektor, og i tillegg erfaring frå fleire forvaltningsnivå. Han har også meir erfaring frå ulike endringsprosessar, det å byggje opp nye store organisasjonar og økonomisk risikostyring. I tillegg vil han kunne vere operativ frå dag ein sidan han har inngåande kjennskap til kva prosjekt som er sett i gong og prosjektplanen for samanslåinga.

Visindi si innstilling til rolla som prosjektleiar, og fylkesrådmann frå 1.1.2020 er som følgjer:

Nr. 1 Rune Haugsdal, fylkesrådmann i Hordaland fylkeskommune

Nr. 2 Anne Karin Hamre, Fylkesmann i Sogn og Fjordane

Visindi vil utdjupe innstillinga i møte med tilsetjingsutvalet måndag 30.4.

Vedlegg: CV for Anne Karin Hamre og Rune Haugsdal